



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437018

Fylkesmannen I Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

UGGDAL, 09.02.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/932-26	719/18	504	TK/EFV/MOAN	

REVIDERT PLANFRAMLEGG ETTER MOTSEGN REGULERINGPLAN – GALANTEN GNR. 106 BNR. 7 M.FL.

Tysnes kommune, tiltakshavar og plankonsulent har i møte 02.02.18 gått gjennom fylkesmannen sin samordna uttale med motsegn dagsett 18.01.18.

Planframlegget har etter offentlig ettersyn motteke uttalar frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Fiskeridirektoratet og Fiskerlaget Vest.

Det er berre fylkesmannen som har motsegn til reguleringsendringa.

Som grunngeving og til opplysning av forankring av motsegna trekk fylkesmannen frem at planframlegget er svakt utgreidd og gjev lita styring med kva som kan oppførast av nye tiltak. Samstundes med at han vurderar at planen er i strid med nasjonale føresetnader for strandsonevernet.

Tiltakshavar, plankonsulent og kommunens fagetat er usikker på om vilje til å lesa planen har vore til stades under vurdering av planframlegget.

Me merker oss og at fylkesmannen minner om at reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkunnige, dette vurderar me som eit sleivspark og forventar at liknande uttalar ikkje kjem opp igjen under den vidare sakshandsaminga.

Det er snakk om endring av ein eksisterande detaljreguleringsplan som frå før inneheld same føremål som nytt framlegg utanom føremålet småbåthamn.

Budstadsføremålet lå tidligare i eit kombinasjonsføremål men er i ny plan endra til reint bustadområde. Areala for bustad er auka noe, for betre å kunne skilja offentlig og privat ferdsel i området, men det ligg ikkje føre planar om auke i tal på einingar.

Næringsarealet, som i tillegg til småbåthamn, er hovudgrunn for reguleringsendringa er utvida noe med tanke på framtidig vekst, og nytt næringsareal er lagt ned mot sjøen for plassering av lagerbygg Dette bygget kan ikkje vera naust grunna byggets storleik, driftsbygging til landbrukdrift grunna planlagt bruk eller bygg til varig opphold/fritidsbustad grunna planlagt teknisk standard.

Når det gjeld forhold til plangrunnlag og tidligare kai og bryggjesakar så er det gjeve ferdigattest på to og løyve til igangsetting for det siste naustet.

Heile egedomen er opphavleg ein landbrukseigedom med stiar og tilkomstvegar til sjø og uthus etablert rundt 1930 så her må ein også rekna med at det har vore ein del kai og bryggjeanlegg opp gjennom åra som ikkje er omsøkt etter dagens krav.

Ved sjekk av flyfoto på nettstaden «norge i bilder» vil ein sjå kai, naust og moloar fotografert i 1968 og 2005.» At anleggsveg etter naustbygging kan gjerast om til ein enkel tilkomstveg i ny plan ser kommunen ikkje som problematisk i dette området.

Tiltakshavar har etter møtet revidert føresegna der dei kan vera uklare, og har i følgjebrev gjort greie for kva val som er teke i planlegginga og grunngjeving for dei som framleis ligg inne i revidert planframlegg.

Me ber om vurdering av revidert planframlegg med tilhøyrande skriv med von om at fylkesmannen trekk sitt motsegn til framlegg om endring av detaljregulering for Galanten.

Skulle fylkesmannen mot formodning oppretthalde heile eller delar av motsegna til planen ber først om ein avklaring av kor langt me er i frå ein løysing for å vurdere om mekling etter § 5-6 i PBL. kan vera eit alternativ.

Me ber fylkesmannen prioritera saka og gje ein raskt tilbakemelding.

Med helsing
Tysnes kommune

Morten Anthonessen
fagansvarleg plan

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg: Plankart, illustrasjonsplan, føresegner, følgjebrev.